



Foreininga Grobygget

Årsmelding 2019

Styret for Foreininga Grobygget i 2019:

Bjørn Lødemel, styreleiar

Kristine Sofie Orheim Hansen, nestleiar

Tom-Øyvind Solheim, styremedlem

Anne Raftevold, styremedlem

Vara:

Solveig Brendefur

Anne Lødemel Honningsvåg

Valnemnd:

Brynhild Lund Notøy

Jens Edvard Jensen

Sekretær:

Hornindal frivilligsentral

Det har vore halde 5 styremøte i 2019. I tillegg vart det heldt eit ope møte i november der framtidige brukarar av Grobygget, HS bygg og LøFlo Installasjon diskuterte vidare opprusting av bygget. Det har vore fleire møte med tidlegare Hornindal kommune og nye Volda kommune om framdrift og planlegging.

Hornindal Frivilligsentral sit som sekretær for Foreininga Grobygget, og er elles også ein svært viktig medspelar for foreininga.

Noko av det som har skjedd i sidan starten i 2018

Foreininga Grobygget og samarbeidspartnerane er godt i gang med fleire av prosjekta takka vere fåvemidlar frå Sparebankstiftinga, Riksantikvaren, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Bufdir, Hornindal kommune, Coop Bygg Obs Volda og fleire ulike lag og organisasjonar i bygda. Det er også utført om lag 6-700 timer med dugnadsarbeid på dei ulike prosjekta. Dette har gjort oss i stand til å realisere større og mindre prosjekt allereie;

- Bygging av ny danseflate (Ferdig hausten 2018)
- Innkjøp av utstyr til utstyrssbank (Ferdig med første innkjøp i 2018)
- Bygging av utstyrssrom til utstyrssbank (Ferdig vår 2019)
- Spyling og måling av utvendig kledning (Sommaren 2019)
- Legging av nytt taktekke (Ferdig våren 2019)
- Bygging av ny utandørs scene (Ferdig sommaren 2019)
- Etablering av felles lagerareal for frivillige lag/organisasjonar (Ferdig hausten 2019)
- Planlegging av offentlege toalett. Budsjettvedtak på kr. 700.000,- i kommunestyret i 2018. Oppstart hausten 2019.
- Sanering av asbest i rommet der det skal vere offentleg toalett.

- Lagt inn nye rør for vatn og avløp i Grobygget.
- Laga endelege planar for Kyrkjelydstova.
- Laga til øvingslokale for eit lokalt band.
- Rydda ferdig alle rom i Grobygget og kasta alt som ikkje kunne brukast.

Ny scene

Arbeidet med den nye scena starta 12. mai og gjekk føre seg heilt fram til Kulturdagane starta 2. august. Det var rimeleg hektisk når alt skulle gjerast på dagnad. Heldigvis hadde vi med ein stødig gjeng med dyktige snikkarar. Det gjorde at vi kom i mål og fekk prøvekjørt både scena og den nye danseflaken under Kulturdagane.

Vi hadde offisiell opning av scena og danseflaken 14. september. Hornindal Musikklag spelte under opninga og drillen deltok med oppvisning. I tillegg var det program inne i Grosalen der Kristian Haugen, Sol Alme Brendefur og Tore Lødøen deltok.

Under opninga av scena vart det nye skiltet for Groparken med den gamle Grologoen som motiv avduka. Det var mange som sette pris på at denne logoen kom i bruk på nytt.



Den gamle Gro-logoen er teken i bruk i skiltet på den nye scena i Groparken.

Vi vil nytte høve til å takke alle som var med på dagnad med scena og alle sponsorane våre som gjorde at vi fekk opp både danseflaken og scena nesten gratis.

Dei mest aktive snikkarane har vore:

Arve Nesdal, Arne Kirkhorn, Harald Stennes, Tom Øyvind Solheim og Bjørn Lødemel.

Sponsorane har vore:

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Hornindal Næringslag, Hornindal Utviklingslag, Coop Obs Bygg Volda, Pretre AS og Per Røyrhus AS.

Loppemarknad i Grobygget

I samband med opninga av scena vart det også arrangert loppemarknad i Grosalen. Mange i bygda bidrog med lopper, noko som gjorde at det vart eit breidt utval og ein stor loppemarknad. Det var så populært at vi bestemte oss for å ha loppemarknad også helga etter. Det gav viktige inntekter til opprustinga av Grobygget og til Foreininga Grobygget.

Søknadar om økonomisk støtte i 2019

2019 har vore eit svært aktivt år for søknadar om støtte til opprustinga av Grobygget. Vi har mellom anna søkt om støtte til opprusting av Grosalen, nytt kjøken og viktig infrastruktur som straum, varme og ventilasjon.

Vi har sendt følgjande søknader:

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane	400.000.- kroner
Gjensidigestiftinga	200.000,- kroner
Sparebank1 Søre Sunnmøre	200.000,- kroner
Sparebanken Møre	300.000,- kroner

I tillegg vart det også søkt om midlar frå Sparebanken Vest til eit Shuffleboard.

Foreininga Grobygget er svært takksame for den støtta vi har fått gjennom desse søknadane. Den desidert viktigaste og gledelegaste var støtta på 300.000,- kroner til infrastrukturtiltak som vi fekk frå Sparebanken Møre. Nyheita vart presentert på eit stort frukostmøte som Sparebanken Møre hadde i Ørsta 28. november, og det var stas å få ta i mot sjekken på 300.000,- kroner på vegne av Foreininga Grobygget. Sparbanken Møre vart også invitert til kakefest på kommunehuset Smia av styret for å gjere ekstra stas på banken. Desse pengane vil kome svært godt med i arbeidet med opprustinga framover.



Styret for Foreininga Grobygget saman med representantar
frå Sparebanken Møre som gav ei støtte på 300.000 til infrastrukturtiltak.

Vi har også fått anna viktig støtte gjennom desse søknadane. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har tidlegare støtta oss gjennom Hornindal Næringslag, og denne gongen fekk vi 50.000,- kroner til opp-pussinga av Grosalen. Desse midlane kjem godt med når vi skal starte opp med måling av taket og eventuelt måling av golvet i vår.

Vi fekk også 30.000,- kroner i støtte frå Sparebanken Vest til innkjøp av eit Shuffleboard. Det gjer at vi kan få plass eit slikt bord når vi finn eit brukte som vi kan kjøpe.

Nytt inntak for vatn og avløp og nytt offentleg toalett.

I budsjettet for 2019 vart det løyvt 700.000,- kroner til nytt offentleg toalett i Grobygget.

Det skjedde lite med planlegginga av toalettet og å få på plass nytt inntak for vatn og avløp til Grobygget, så 15. august vart det sendt ein søknad om å få overta ansvaret for planlegging og bygging. Dette er henta frå søknad til dåverande Hornindal kommune om å overta ansvaret for planlegging og bygging av offentleg toalett:

Foreininga Grobygget er svært takksame for at kommunestyret løyvde 700.000,- kroner til nytt offentleg toalett i Grobygget under budsjettet i desember 2018. Løyvinga ligg inne i budsjettet for 2019, og ein ønskjer at det blir sett fortgang både i arbeide med detaljplanar og etter kvart også bygging.

Foreininga Grobygget ser at det er liten kapasitet i kommune til å stå føre dette arbeidet, og vi ønskjer å sikre oss at desse pengane blir brukt i 2019 slik som kommunestyret har vedteke. Vi ønskjer også å samordne planarbeidet med det som skal gjerast med Kyrkjelydstova og anna opprusting i Grobygget. Vi håpar at vi kan bruke same framgangsmåte som då vi reparerte taket. Då var løyvinga frå kommunen eit tilskot, og Foreininga Grobygget hadde ansvaret for gjennomføringa. Foreininga Grobygget skal ha ansvaret for drift og vedlikehold av toalettet, så det er positivt om vi også kan ha ansvaret for planlegging og bygging. Det vil også gjere det lettare å kunne utføre noko av arbeidet på dugnad.

Seint i haust overtok vi ansvaret for arbeidet, og det vart utarbeidd endelige teikningar for nytt offentleg toalett i tillegg til Kyrkjelydstova og gangareala som vert i tilknyting til desse romma. Denne planlegginga vart gjort saman med Hornindal sokneråd og Kyrkjelydstova.

I slutten av november starta arbeidet med å legge inn nytt vatn og avløp. Planen var å kople til nytt vassinntak, men ein fann ikkje den gamle koplinga så dette må takast igjen til våren.

På slutten av året vart rommet som skal bli Kyrkjelydstove rydda og klargjort for opprusting. Dette arbeidet var gjennomført på dugnad og det vart fylt opp 2 store containerar med rusk og rask.

I desember fekk vi også gjennomført miljøsanering i rommet som skal bli offentleg toalett. Dette gjer at rommet no er klargjort for bygging. Vi har også fått utarbeidd ein «Miljøkartleggingsrapport og miljøsaneringsbeskrivelse for Grobygget» som skal ligge til grunn for opprustinga som skal gjerast i Grobygget.

Planlegging og opprusting framover

Det har vore gjennomført mykje dugnadsarbeid og opprydding i løpet av 2019, men dei store sakene har blitt liggande litt lenger enn vi kunne ønske. Det gjeld både opprusting av Grosalen og bygging av nytt offentleg toalett og Kyrkjelydstove. Det er mykje planleggingsarbeid som skal gjerast, og når mykje skal gjerast på dugnad og fritid tek det tid. I tillegg er det ein del formelle ting som på plass, til dømes byggeløyver og bruksendring. Foreininga Grobygget søkte om bruksendring og dispensasjon frå reguleringsplanen 15. august i 2019, men vi har ikkje fått tilbakemelding frå kommunen ang. dette.

Dette er henta frå søknad om bruksendring og dispensasjon frå reguleringsplan som vart sendt til Hornindal kommune 15. august:

Foreininga Grobygget ber om at det blir godkjent bruksendring for Grobygget og gjeve dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for Grodås Sentrum i samsvar med dei planane som er for Grobygget.

Foreining Grobygget hadde sett føre seg at ein kunne handsame bruksendring i samband med handsaminga av ny reguleringsplan for Grodås sentrum men vi ser at dette dreg ut i tid. Derfor ønskjer vi at dette blir gjort så snart som råd.

Foreininga Grobygget har støtta seg til HS bygg i arbeidet med planlegginga og dei tek seg av arbeidet med bygging av offentleg toalett og Kyrkjelydstova. Vi håpar at vi snart er klare med kostnadsoverslag for både offentleg toalett og Kyrkjelydstova.

Ting tek tid, men den som ventar på noko godt ventar ikkje forgjeves. Vi får trøyste oss med det 😊

Oppsummering av 2019.

2019 er det første heile året for Foreininga Grobygget, og det har vore stor aktivitet og mange som har delteke på ulike dugnader og planleggingsarbeid. Ved årsskifte har vi fått på plass 7 leigeavtaler for ulike brukarar av Grobygget og vi er nesten fullteikna. Det er svært gledeleg. No tek vi til på arbeidet med Grosalen, offentleg toalett og kyrkjelydstova, og Foreininga Grobygget håpar at fleire i bygda vil stille opp når det er ting om skal gjerast slik at vi kan halde god framdrift og god kontroll på kostnadane også framover. Det er viktig for at leigetakarane og brukarane av Grobygget skal få rimeleg leige og gode fasilitetar, og for at bygget skal kunne romme ulike aktivitetar framover.

Vi vil nytte høve til å takke for all dugnadsinnsatsen som har blitt gjort i 2019 og for all støtte vi har fått både frå bankane og bygdefolket gjennom loppisar og anna hjelp.

Det gjev oss pågangsmot og arbeidslyst når fleire viser interesse og er med på dugnad. Takk for at de har vore med og bidrege i året som har gått!



Store og små støyper fundament og byggjer scene.




Hornindal musikkorps og drilltroppen leverte eit flott show på den offisielle opninga av scena.



Blide hjelparar har vaska og måla utvendig.



Loppisgjengen tok imot mange flotte lopper frå folket.



Hornindal Frivilligsentral med frivillige har jobba med å få på plass ein utstyrssbank.